

1.des.2025

Den topphemmelege boka vart brent siste dag i prosjektet



1/7

«Søppelboka», som vart brent siste dag av prosjektperioden med årets kunstnar.
Foto: Privat

Det siste året har elevar ved skulen skrive i noko som blir kalla "Søppelboka". Det er ei topphemmeleg bok med personlege notater av alle slag frå det siste året.

+ For abonnenter

Det er elevar i 8. klasse ved Heidal skule som har gjort dette, i samband med prosjektet *10 år på Heidal skule*.

Prosjektet er inne i sitt åttande år, og årets kunstnar har vore Ina Eriksen. "Søppelboka" vart brent siste dag av prosjektperioden med årets kunstnar.

Av sota er det laga tusj, som kunstnaren skal teikne med.

For å sjå fleire bilete, sveip til høgre.

Studietur til Oslo

Nyleg hadde skulen avsluttande utstilling, «Eit plutseleg vindkast og hugs du er fri», med årets kunstnar og elevane.

Prosjektet saman med Ina Eriksen starta med ein studietur til Oslo. Eriksen tok elevane med rundt på Nasjonalmuseet, på Haustutstillinga, møtte andre kunstnarar på atelier, såg på kunst i offentleg rom og mykje anna.

Vel attende i Heidal har Eriksen og klassa jobba med akvarell og teikning, av hundar, av elementa, teikna og måla portrett, laga gipsmasker, eksperimentert med landart og laga historier.

Fekk oppgåver frå andre kunstnarar

Til Heidal inviterte også Ina Eriksen med seg fotograf Iver Ambrosius Bjørhusdal-Eriksen, der elevane fekk prøve ut analogt fotografi og mørkeromsarbeid, og musikal og perkusjonist Celio De Carvahlo, som laga lydkomposisjonen «Girls from Heidal», basert på sampling av språk og lydar av elevane i klassa.

Kunstnaren og elevane fekk også oppgåver frå andre kunstnarar.

Av forfattar Øyvind Berg fekk dei anagramoppgåva «La skolenavnet spinne», der dei måtte lage nye ord av bokstavane i Heidal skule.

Frå tekstilkunstnar Kristine Fornes fekk dei oppgåva «Raudlista». Elevane sydde ein boks der dei la ting som dei er redde skal bli borte.

Av biletkunstnar Vibeke Sjøvoll fekk dei tilsendt ein «Mogleheitsvev». Ein 3D-vev og ein idé om å forme eit rom eller ein labyrint med tråd.

Fellesnemnarane for alle arbeida dette året har vore elementa, rytme, materiale, korleis bygge eit bilete eller ein skulptur, eller forme eit rom, ei forteljing, eit språk og ei historie.

Sel

Heidal

Skole

Barn og ungdom

